



## Statens vegvesen

Sjå oversikt sist i brevet

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
22.12.2014	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Helge Oddvin Sandvik - 55516508	
Sakstl.	Tilgangskode

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Helge Oddvin Sandvik - 55516508

Vår referanse:  
2010/084155-040

Dykkar referanse:

Vår dato:  
16.12.2014

### **Uttale til fylkestingets vedtak i sak 90/2014 - Nordhordlandspakken**

Bompengesøknaden for Nordhordlandspakken har vore til lokalpolitisk behandling i kommunane Lindås, Radøy, Meland, Austrheim, Fedje, Modalen og Bergen. Søknaden blei behandla i fylkestinget i møte den 10.12 2014 i sak 90/2014 som gjorde slikt vedtak:

1. Fylkestinget ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nybortunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.
2. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nybortunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til ei god og framtidsretta løysing for Nybortunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørge for naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken;
  - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnelløpa, før det andre vert bygt.
  - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
4. Med etterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrår fylkestinget søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 03.03.2014, samt med dei justeringane som går fram av høyringsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest, av 30.04.2014, med følgjande merknader og endringar:

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
  
9815 Vadsø<sup>9815</sup>  
Telefon:  
Telefaks:

- a) Fylkestinget er samd med Lindås kommune i at 90 mill. kr i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsbergtunnelen, til bruk i Knarvik sentrum (70 mill. kr) og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill. kr) på Fv57.
  - b) Fylkestinget går inn for at det vert etablert ein ny bomstasjon i Isdalstø. Dette vil i større grad ivareta nytte- og likskapsprinsipp i det samla bompengeopplegget og bidra til nødvendig styrking av finansieringsopplegget i pakken.
  - c) Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. kr i pakken hovudsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune (fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø), i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken.
  - d) Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs innkrevjing i bompengesnitta. Fylkestinget legg til grunn et takstnivå i området 12-14 kr.
5. Fylkestinget vedtek ei fylkeskommunal økonomisk ramme for Nordhordlandspakken på 230 mill. kr, og vil i dei årlege budsjetta kome attende til konkrete løyvingar på aktuelle prosjekt. Dei fylkeskommunale løyvingane må i første rekke nyttast til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.
6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.

I saksframlegget til denne saka blir det vist til at det i den lokalpolitiske behandlinga av bompengesøknaden er det gjort vedtak om ulike føresetnader og endringsframlegg, slik at det ikkje ligg føre full lokal oppslutnad om innhaldet i Nordhordlandspakken. Etter fylkesrådmannen sitt syn vil det vere nødvendig å få på plass større lokal tilslutnad til oppegget i pakken som grunnlag for den vidare handsaminga av bompengesøknaden i Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet fram mot stortingsvedtak. Fylkesrådmannen legg derfor opp til ei samla vurdering av dei kommunale vedtaka så langt, med særskilt vekt på vedtak i kommunane Lindås og Meland, slik at fylkestinget kan vedta merknader og endringar til oppegget i pakken som grunnlag for nye vedtak om tilslutnad i dei berørte kommunane.

Fylkesrådmannen går inn for å etablere ny bomstasjon på Isdalstø for trafikk på Fv57 og Fv565, omdisponering av midlar frå E39 Mundalsbergtunnelen, utfordelte midlar til Meland kommune og tovegs innkrevning og takstnivå i samsvar med søknaden.

### **Regionvegsjefen si tilråding**

Etter regionvegsjefen sitt syn vil fylkestingets vedtak bidra til betre samsvar mellom nytte og betaling, ved at det blir etablert ein ny bomstasjon på fv 57. Ein ny stasjon vil i tillegg styrke det finansielle grunnlaget for pakken. Regionvegsjefen har heller ingen merknader til dei føreslegne omdisponeringane og disponeringa av ufordelte midlar. Fylkestinget går også inn for at det blir etablert eit kontaktutval. Dette er i tråd med korleis pakkar blir styrt og koordinert.

Statens vegvesen Region vest vil tilrå fylkestingets vedtak og be dei berørte kommunane gje uttale til fylkestingests merknader og endringar.

### Prosessens vidare

Sluttar kommunane seg til fylkeskommunens merknader vil søknaden bli sendt vidare til Vegdirektoratet. Etter at naudsynt kvalitetssikring er gjennomført, vil det bli utarbeidd ein stortingsproposisjon som vil bli lagt fram for Stortinget til vedtak.

Førespurnad om uttale er sendt til følgjande kommunar:

Lindås  
Radøy  
Modalen  
Meland  
Austrheim  
Fedje  
Masfjorden  
Bergen

Statens vegvesen Region vest

Med helsing

  
Helge Eidsnes  
Regionvegsjef

Olav Svangstu

2 vedlegg



Arkivnr: 2014/166-19

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		09.12.2014
Fylkesutvalet		09.12.2014
Fylkestinget		09.12.2014

#### Bompengesøknad for Nordhordlandspakken

##### Samandrag

Statens vegvesen Region Vest har oversendt fylkeskommunen søknad frå Nordhordlandspakken A/S om bompengefinansiering av Nordhordlandspakken. Bompengesøknaden er handsama i dei berørte kommunane i Nordhordland, og vert no lagt fram for fylkespolitisk handsaming.

Nordhordlandspakken er i første fase avgrensa til vegprosjekt i Nordhordland, men det er lagt opp til at Nybortunnelen i Bergen kommune vert innlemma i pakken så snart det føreligg godkjent reguleringsplan. I påvente av planavklaring av Nybortunnelen vil Nordhordlandspakken bidra til realisering av fleire viktige vegprosjekt i denne regionen som vil gje betre framkomst, betre trafikktryggleik, betre lokalmiljø og styrking av kollektivtransporten.

Pakken har ei samla økonomisk ramme på 1295 mill.kr, der det er lagt opp 920 mill.kr i bompengefinansiering, statleg medfinansiering på 145 mill.kr og fylkeskommunal medfinansiering på 230 mill.kr.

Bompengeopplegget har 4 bomstasjonar med tovegsinnkreving, og eit takstnivå på ca kr 14,- for lett bil med abonnement/brikke (10% rabatt)

I den lokale handsaminga av bompengesøknaden i dei berørte kommunane er det gjort vedtak om ulike føresettader og endringsframlegg, slik at det ikkje føreligg full lokal oppslutnad om innhaldet i Nordhordlandspakken. Etter fylkesrådmannen sitt syn vil det vere nødvendig å få på plass større lokal tilslutnad til opplegget i pakken som grunnlag for den vidare handsaminga av bompengesøknaden i Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet fram mot stortingsvedtak. Fylkesrådmannen legg derfor opp til ei samla vurdering av dei kommunale vedtaka så langt, med særskilt vekt på vedtak i kommunane Lindås og Meland, slik at fylkestinget kan vedta merknader og endringar til opplegget i pakken som grunnlag for nye vedtak om tilslutnad i dei berørte kommunane.

Fylkesrådmannen går inn for å etablere ny bomstasjon på Isdalstø for trafikk på Fv57 og Fv565, omdisponering av midlar frå E39 Mundalsbergtunnelen, utfordelte midlar til Meland kommune og tovegs innkreving og takstnivå i samsvar med søknaden.

## Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.
2. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmastes i Nordhordlandspakken. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til ei god og framtidssrettet løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørge for naudsynete avklaringar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken;
  - vurdere om det er mogleg å bygge og ta i bruk eit av tunnelløpa, før det andre vert bygt.
  - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
4. Med etterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrår fylkestinget søknad om delvis bompengefinsansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014, samt med dei justeringane som går fram av høyringsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest, av 30.4.2014, med følgjande merknader og endringar:
  - a) Fylkestinget er samd med Lindås kommune i at 90 mill.kr i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsbergtunnelen, til bruk i Knarvik sentrum (70 mill.kr) og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill.kr) på Fv57.
  - b) Fylkestinget går inn for at det vert etablert ein ny bomstasjon i Isdalstø. Dette vil i større grad ivareta nytte- og likskapsprinsipp i det samla bompengeopplegget og bidra til nødvendig styrking av finansieringsopplegget i pakken.
  - c) Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill.kr i pakken i første rekke vert nytta som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken, og elles hovedsakleg til tiltak på vegnettet i Meland kommune.
  - d) Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs innkreving i bompengesnitta og med eit takstnivå i samsvar med bompengesøknaden.
5. Fylkestinget vedtek ei fylkeskommunal økonomisk ramme for Nordhordlandspakken på 230 mill.kr, og vil i dei årlege budsjetta kome attende til konkrete løyingar på aktuelle prosjekt. Dei fylkeskommunale løyingane må i første rekke nyttast til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.
6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Høyring Nordhordlandspakken -brev frå SVV til HFK, 29.10.14
- 2 Søknad om løyve til delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken
- 3 Høyring Nordhordlandspakken - brev frå SVV til kommunane, 30.04.14

Fylkesrådmannen, 23.10.2014

### 1.0 Bakgrunn

Statens vegvesen Region Vest har oversendt fylkeskommunen søknad frå Nordhordlandspakken A/S om bompengefinansiering av Nordhordlandspakken. Nordhordlandspakken er i første fase avgrensa til vegprosjekt i Nordhordland, men det er lagt opp til at Nyborgtunellen i Bergen kommune vert innlemma i pakken så snart det føreligg godkjent reguleringsplan. I påvente av planavklaring av Nyborgtunellen vil Nordhordlandspakken bidra til realisering av fleire viktige vegprosjekt i denne regionen som vil gje betre framkomst, betre trafikktryggleik, betre lokalmiljø og styrking av kollektivtransporten.

Bompengesøknaden er handsama i dei berørte kommunane i Nordhordland, og vert no lagt fram for fylkespolitisk handsaming.

### 2.0 Kort om Nordhordlandspakken

#### Kostnadsramme, finansiering og prosjekt



Nordhordlandspakken første fase har ei kostnadsramme på 1,3 mrd. 2013-kr. Det er lagt opp til at om lag 30% av brutto investeringskostnader vert finansiert med offentlege midlar, medan trafikantane dekkjer resten av kostnadene gjennom bompengar:

Kjelde	Kr. i mill.kr.	%
Bompengar	920	71%
Stat	145	11%
Fylkeskommune	230	18%
SUM:	1295	100%

Nordhordlandspakken inneholder veg og kollektivtiltak i kommunane Meland, Lindås, Radøy, Masfjorden, Austrheim, Fedje og Modalen.

Prioritet	Vegnr.	Kommune	Prosjektnavn	Tiltak	Kostnad		Finansiering		
					(mill. 2013-kr)	Bompengar	Stat	Fylkeskommunen	
1	Fv.565	Radøy	Marås - Soltveit	Ny veg	338	247			91
2	Fv. 245	Meland	Fosse-Moldeklev	Vegutbetring inkl. g/s-veg	78	57			21
3	Fv.564	Meland	Frekhaug-krysset	Punktutbetring, trafikksikring	15	11			4
4	E39	Lindås	Knarvik sentrum	4-felts veg og ny rundkøyring i aust	99	99	-		-
5	E39/Fv *	Alle	Kollektivtiltak E39 (Bergen, Meland, Lindås)	Kollektivtiltak, park&ride	100	70	15		15
6	Fv.565	Austrheim	Ramme tiltak Austrheim	Vegutbetring/trafikksikring	10	7			3
7	Fv. 570	Masfjorden	Ramme tiltak Masfjorden	Vegutbetring/trafikksikring	30	22			8
8	Fv.423	Fedje	Ramme tiltak Fedje	Vegutbetring/trafikksikring	2	1,5			0,5
9	Fv.569	Modalen	Ramme tiltak Modalen	Vegutbetring/trafikksikring	2	1,5			0,5
10	Fv. 564	Meland	Trafikksikring Fosse-krysset	Trafikksikring	10	7			3
11	Fv. 409	Radøy	Kollektivtiltak Radøy (skysstasjon Manger)	Kollektivtiltak, tettstadsutvikling	5	4			1
12	Fv.57	Lindås	Vatne-krysset	Trafikksikring	20	15			5
13	E39	Lindås	Molvik-krysset	Trafikksikring	20	20			-
14	Fv.565	Radøy	Grense Radøy/Lindås - Sæbø skule	Vegutbetring inkl. g/s-veg	66	48			18
15	E39	Lindås	Vikane-Eikangervågen	Vegutbetring inkl. g/s-veg	100	60	40		-
16	Fv . 564	Meland	Sandskaret- Holme, inkl. kryss Holme	Vegutbetring inkl. g/s-veg	74	54			20
17	Fv. 565	Lindås	Hilland - grense Radøy	Vegutbetring inkl. g/s-veg	46	34			12
18	Fv	Alle	Andre tiltak (hele regionen)		100	73			27
19	E39	Lindås	Mundalsberget	Vegutbetring inkl. g/s-veg	180	90	90		-
* føresett fordelt 50/50 på fylkesveg og riksveg					1 295	920	145		230

Investeringane i Nordhordlandspakken mill.kr. per kommune:



Trafikkgrunnlag

Trafikkdata per 2012:


Bomstasjon, snitt	Trafikkgrunnlag, snitt	Andel betalande	Netto ÅDT
Bom1, Ramper Meland-Bergen	15 600	24% *	3 744
Bom 2, E39, Flatøy	15 600	100 %	15 600
Bom 3, E39, Mundalsberget	5 300	36 % **	1 920
Bom 4, Fv. 565, Radøy	1 400	44 % ***	616
<b>SUM:</b>	<b>37900</b>		<b>21 880</b>

\*Gjeld andel i forhold til samla trafikk til/frå Meland. \*\* Gjeld andel av trafikken i snittet som går til sone 3 (sjå nedanfor). \*\*\* Gjeld andel av trafikken i snittet som er interntrafikk i sone 3.

Med 10% trafikkavvisning vert netto trafikkgrunnlag på 19 692 ÅDT i 2012. I søknaden er det føresett 1 % åleg trafikkvekst frå 2012 og ut bompengeperioden

Bompengesystem

Plasseringa av bompengestasjonane er vald med grunnlag i ei tenkt soneinndeling av Nordhordland:




*Prinsippet for soneinndelinga er at trafikk mellom soner og gjennomgangstrafikk betalar for 1 bompassering. Trafikk internt i sonene kører gratis (unntatt interntrafikk i sone 3 som betalar ved bruk av ny Fv.565 på Radøy).*

I bompengesøknaden er det tilrådd 4 bomstasjonar – 3 stasjonar på/ved E39 og 1 på Fv565:

- Bomstasjon 1: Hovudkryss Flatøy, ramper til/frå Meland
- Bomstasjon 2: E39, Flatøy
- Bomstasjon 3: E39, Mundalsberget (i Gjervik)
- Bomstasjon 4: Fv.565, ny veg Marås-Soltveit , sør for kryss v/ Haukåsen

Det er lagt opp til bompengeinnkrevjing i begge køyeretninga.



**Rabatt og takstsysten**

Det er lagt til grunn følgjande takst- og rabattsysten jfr. tabellen under:

Takst	Utan rabatt	2013 kroner
Lette kjøretøy < 3,5 tonn	Kr 15,50	10 %
Tunge kjøretøy > 3,5 tonn	Kr 31	10 %
Passeringstak	50 passeringar per månad.	Maksimal betaling: Lette kjøretøy: kr 700 Tung kjøretøy: kr 1400

I tråd med St. meld. 26 (2013-2013) Nasjonal transportplan 2014-2023 er det lagt opp til 10 % rabatt for abonnentar i Nordhordlandspakken. Som for andre nye bompengesystemer får abonnentar i andre bompengeordningane den same rabatten. For å oppnå rabatt på 10 % er det krav til at kjøretøyet er utstyrt med brikke.

Bompengesøknaden legg til grunn eit sjølvstendig finansieringsopplegg for tiltaka i Nordhordland med ein bompengeperiode på maksimalt 12 år, men føresetnadene kan bli endra når finansieringsplanen skal reviderast i samband med avklaring av E39, Nyborgtunnelen.

**Andre føresetnader**

Det er lagt inn årleg prisstigning på 2,9% (2013-2016) og 2,5% etter 2016. Lånerenta er sett til 6,5%. Driftskostnader pr. bomstasjon er sett til 2,0 mill. 2013-kr. pr. år. Oppstart for innkrevjinga er sett til 2018, med innkrevning i 12 år. Det er lagt til grunn ein tungtrafikkandel på 8%. Dette er lågare enn i dag der nivået er 9%. Dette er for å høgde for endra transportmønster med forventa folketals- og byutvikling i Knarvik-området.

Mva.-kostnadene for dei fylkeskommunale prosjekta vert finansiert av fylkeskommunen og inngår som del av dei 230 mill.kr. som fylket går inn med i pakken.

**3.0 Handsaming i berørte kommunar**

Nordhordlandspakken har vore lokalpolitisk handsama i kommunane Modalen, Masfjorden, Fedje, Austrheim, Radøy, Lindås og Meland.

**Modalen kommune**

Modalen kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 19.6.2014, sak 011/2014, og gjorde slikt vedtak:

*«Modalen kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 03.03.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.04.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.*

*Modalen kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestrart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.*

*Modalen kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Ny-borgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmas i Nordhordlandspakken. Modalen kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidsrettet løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.*

Modalen kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:

- vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnelløpa, før det andre vert bygt.
- avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
- vurdera finansieringsløysingar (auka offentleg innsats etc.).»

### **Masfjorden kommune**

Masfjorden kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 19.6.2014, sak 35/14, og gjorde slikt vedtak:

«1. Masfjorden kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.

2. Masfjorden kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestrart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nybortunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.

3. Masfjorden kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nybortunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmest i Nordhordlandspakken. Masfjorden kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidsretta løysing for Nybortunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

4. Masfjorden kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:

- vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnelløpa, før det andre vert bygt.
- avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
- vurdera finansieringsløysingar (auka offentleg innsats etc.).»

### **Fedje kommune**

Fedje kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 19.6.2014, sak 26/14, og gjorde slikt vedtak:

«Fedje kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakka datert 3. mars 2014 med dei justeringar som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest datert 30. april 2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018. Fedje kommune sluttar seg til fellesuttalen oppsummert i 4 hovudpunkt frå styret for Nordhordlandspakka AS.»

### **Austrheim kommune**

Austrheim kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 24.6.2014, sak 84/14, og gjorde slikt vedtak:

«1. Austrheim kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.

2. Austrheim kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestrart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.

3. Austrheim kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmest i Nordhordlandspakken. Austrheim kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidsretta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

4. Austrheim kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikt på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:

- vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnelløpa, før det andre vert bygt.
- avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
- vurdera finansieringsløysingar (auka offentleg innsats etc.)»

Rådmannen i Austrheim fremja saka på nytt i kommunestyret 8.10.2014, sak 116/14. I saksframlegget står det at «.Med utgangspunkt i at det må vera tilslutning frå alle kommunane i regionen bør også Austrheim kommune slutta seg til følgjande tilleggspunkt som nytt pkt 5:

Utifrå nytteprinsippet ser Austrheim kommune at ein del av den udefinerte restpotten i Nordhordlandspakken går til prosjekter i Meland kommune.

Denne innstillinga vart vedteke som eit punkt 5, saman med dei fire andre punkta ovanfor.

#### Radøy kommune

Radøy kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 18.9.2014, sak 034/14, og gjorde slikt vedtak:

«1. Radøy kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlands-pakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Sta-tens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.

2. Radøy kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestrart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.

3. Radøy kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmest i Nordhordlandspakken. Radøy kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidsretta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

4. Radøy kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikt på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna vurdere:

- om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnelløpa, før det andre vert bygt.
- avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
- vurdera finansieringsløysingar (auka offentleg innsats etc.).

- Radøy kommune legg til grunn at dei udisponerte midlane (100 mill. kr.) vert nytta til gang- og sykkelvegar og vegutbetring der det er størst behov for dei etter ein forde-lingsnøkkel mellom kommunane. Omsyn til farlege skulevegar må vega tungt i prioriteringa av desse midlane i tråd med kommunale trafikksikringsplanar.»

### Lindås kommune

Lindås kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 18.9.2014, sak 68/14, og gjorde slikt vedtak:

«Kommunane i Nordhordland deler felles utfordringar innan samferdsle og infrastruktur. For å leggia til rette for trafikktryggleik, tilgjenge og ein framtidig attraktiv bu, arbeids- og næringsregion vil Lindås kommune stilla seg solidariske saman om ei Nordhordlandspakke i tre element; utbygging av viktige fylkesvegstrekningar, Knarvik/Iسدalstøtunnelen og Nyborgstunnelen (E39). Første fase inneholder viktige fylkesvegsstrekningar og planlegging/prosjeektering av Knarvik/Iسدalstøtunnelen. Nyborgstunnelen må realiserast på tidlegast mogleg tidspunkt i høve til statlege løyvingar.

1. Lindås kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens Vegvesen Region Vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.

I tillegg vil Lindås kommune fylgjande: Oppgraderinga av Mundalsbergettunnelen (E39), ihht EU-kraav, må dekkjast med statlege midlar og går difor ut av pakken. Desse midlane (tot 90 mill.) blir omdisponert til å:

a. Prosjektere og planlegge Knarvik-Iسدalstøtunnelen (20 mill.), og vidare til å sjå på moglegheita med ei felles løysing for Fv 57 og E 39 (med ny trasé for Mundalsbergtunnelen).

b. Ramma til Knarvik sentrum (E 39) vert auka (70 mill) for å sikre ei utvikling av regionsenteret til ein framtidsrettet tettstad.

c. Lista over prosjekta vert endra til at Knarvik-Iسدalstøtunnelen kjem inn som nr.2 og at ramma til Knarvik sentrum vert oppjustert til 170 mill.

2. Lindås kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestar for prosjekta som er planavklarte. E 39 Nyborgstunnelen og Fv 57 Knarvik-Iسدalstø vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta. Vi viser forøvrig til tilleggsmerknad i p.1.

3. Lindås kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgstunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmas i Nordhordlandspakken. Lindås kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finna ei god og framtidsrettet løysing for Nyborgstunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

4. Lindås kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeider vidare saman med Lindås kommune med sikt på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv 57 Knarvik-Iسدal (inkl.bomstasjon ved Iسدal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:

- Vurdere om det er mogleg å byggja og ta i bruk eitt av tunnelløpa, før det andre vert bygt.

- Avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular

- Vurdere finansieringsløysingar (auka offentleg innsats etc.)

Jmf tillegg p.1 viser Lindås kommune til at Knarvik-Iسدalstøtunnelen må sjåast i samanheng med ei framtidig løysing for E 39.

5. Statens vegvesen vert oppfordra til å greie ut moglegheita for at to bilar i same husstand, knytt til felles avtale, oppnår rabatt ved å verta registrert med totalt antal plasseringar.

6. Styret i Nordhordlandspakken AS vert oppfordra til å greie ut spørsmålet om etterkrevjing av bompengar, og kjem tilbake til kommunane for å synleggjere konsekvensane med ei slik ordning.
7. Utifrå nytteprinsippet ser Lindås kommune at ein del av den udefinerte restpotten i Nordhordlandspakken går til prosjekter i Meland kommune.
8. Med vesentleg overskridinger i einskildprosjekt ber Lindås kommune styret i Nordhordlandspakken AS å koma attende for å synleggjere konsekvensar og eventuelt endringar i prioriteringa.
9. Lindås kommune støttar det vidare arbeidet med Nordhordlandspakken under føresetnad av at punkta i høyringsvedtekten vert tatt til følge.»

#### **Meland kommune**

Meland kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 15.10.2014, sak 56/2014, og gjorde slikt vedtak:

- «1. Meland kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014, med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.
2. Meland kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.
3. Meland kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen, slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmest i Nordhordlandspakken. Meland kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidsretta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
4. Meland kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med kommunen med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:
  - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eitt av tunnelløpa, før andre vert bygt.
  - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
  - vurdera finansieringsløysingar (auka offentleg innsats etc.).
5. Meland kommunestyre viser også til vedtak i Lindås kommunestyre i sak 69/14 og i Austrheim kommunestyre, sak 116/14 der det heiter:  
"Ut ifår nytteprinsippet ser Lindås/Austrheim at ein del av den udefinerte restpotten i Nordhordlandspakken går til prosjekter i Meland kommune."  
Meland kommunestyre vil minne om at Meland er den kommunen i Hordaland med størst prosentvis folkeauge. Dette bildet vil etter alt å døma halde seg også i åra som kjem. I følgje prognose frå Hordaland fylkeskommune (nr. 1-2014) vil kommunane i Nordhordland få ei samla folkeauge på 10.148 fram til 2031. Nær halvparten av den veksten (4.634) vil i følgje prognosa koma i Meland kommune.  
Det er særskilt viktig at vegnettet i kommunen er rusta til å møta den trafikkveksten dette vil medføre. Meland kommunestyre meiner det er avgjerande viktig å utbeta vegstrekka mellom kommunesenteret Frekhaug og områdesenteret på Vikebø.  
Den udisponerte restpotten i Nordhordlandspakken (100 mill. kr.) må i all hovudsak setjast av til å utbeta vegstrekninga Fløksand (Brakstadkrysset) - Vikebø (Fv564) til tofelts standard.

*Denne parsellen er smal og uoversiktleg. Det har skjedd fleire alvorlege ulukker her, også med tap av liv.*

*Nytteprinsippet i Nordhordlandspakken blir også betre ivaretatt ved å legge inn dette viktige prosjektet.*

*Ein må vurdere rekkefølgja på prosjekta Fv 564 - Sandskaret-Holme opp mot Fv 564 Fløksand-Vikebø jfr. revisjon av Nordhordlandspakken i 2018.*

*Bom på Flatøy mot Bergen bør vurderast i høve til nytteprinsippet.*

6. *Meland kommunestyre ligg til grunn at det må etablerast bomstasjon ved Istdalstø. Dette for å ivareta nytte/likhetsprinsippet.*  
*Meland kommunestyre sett som føresetnad for tilrådinga at det berre skal krevjast inn bompengar ein veg.*

*Meland kommunestyre sluttar seg til Nordhordlandspakken under føresetnad av at pkt 5. og 6 i vedtaket blir gjennomført.»*

#### **Bergen kommune**

Bergen kommune handsama sak om Nordhordlandspakken på møte i bystyret, 19.11.2014, og gjorde følgjande vedtak:

- «1. Bergen kommune anbefaler søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med de justeringer som framgår av saksutredningen fra Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, slik at det blir felles oppstart for innkreving av bompenger i 2018.
2. Bergen kommune registrerer de øvrige kommuners uttalelser til bompengesøknaden om blant annet delvis realisering av tunnel på strekningen Knarvik-Istdal. Dette forutsettes løst innenfor de rammer som pakken omhandler, og uten at det får konsekvenser for de øvrige prosjektene, herunder de 100 mill. til kollektivtiltak, der en andel er avsatt til tiltak i Bergen kommune.
3. For å sikre snarest mulig oppstart av de prosjektene som er planavklart, gir Bergen kommune sin tilslutning til at Nordhordlandspakken gjennomføres i flere trinn. Så snart det foreligger avklarte planer og finansieringsløsning for E-39 Nyborgtunnel – ref. perspektiver i bystresak 171/14- og full utbygging av Fv57 Knarvik-Istdal, innarbeides disse i Nordhordlandspakken gjennom revisjon og tilhørende behandling i Stortinget.

#### ***Merknad***

*Bergen kommune fremhever spesielt at fremkommeligheten for kollektivtransporten skal ha høyest prioritet for de delene av pakken som angår E39 mellom Knarvik og Bergen, og at sammenhengende kollektivfelt skal vurderes.»*

#### **4.0 Statens vegvesen Region vest si tilråding**

Med grunnlag i handsaminga av Nordhordlandspakken i dei berørte kommunane har Statens vegvesen i vedlagte brev av 29.10.2014, oversendt merknader og tilråding om Nordhordlandspakken til den fylkeskommunale handsaminga av pakken.

Statens vegvesen har gjort ei vurdering av dei kommunale vedtaka, og tilrårt at fylkeskommunen vedtek Nordhordlandspakken i samsvar med oversendte bompengesøknad frå Nordhordlandspakken A/S.

Fylkesrådmannen viser elles til vedlagte brev, datert 29.10.2014 for meir detaljert informasjon om Statens vegvesen sine merknader og tilråding.

## 5.0 Fylkesrådmannen sine merknader og tilråding

### 5.1 Lokal handsaming i berørte kommunar

Fylkesrådmannen konstaterer at alle kommunane i Nordhordland har tilrådd søknaden om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens Vegvesen Region Vest av 30.4.2014. Det er likevel grunn for å merke seg at nokre av kommunane i høyringa har lagt inn ønske om endringar og sett visse føresetnadar for tilrådinga. Dette medfører at det ikkje fullt ut er lokal tilslutnad i alle kommunane i Nordhordland til opplegget i pakken.

Oppsummert er det vedteke følgjande føresetnader og endringsframlegg:

Endringsframlegg	Framsett av kommune
90 mill. kr. vert omdiagonert frå vegutbetring med gang og sykkelveg i Mundalsbergtunnelen til opprusting i Knarvik sentrum (70 mill.kr) og til å prosjektera og planlegga Knarvik- Isdalstøtunnelen (20 mill.), og vidare til å sjå på moglegheita med ei felles løysing for Fv 57 og E 39 med ny trasé for Mundalsbergtunnelen (20 mill.kr).	Lindås
Bomstasjon plassert i Isdalstø	Meland
Einvegsinnkreving i bomstasjonane	Meland
Bom på Flatøy mot Bergen bør vurderast i høve til nytteprinsippet.	Meland
Dei ufordelte midlane skal hovudsakleg brukast i Meland	Meland, Austrheim og Lindås
Dei ufordelte midlane skal nyttast til gang- og sykkelveg og vegutbetingar der det er størst behov for dei etter ein fordelingsnøkkel mellom kommunane.	Radøy

### Manglende lokal tilslutnad

Når det i den lokalpolitiske handsaminga oppstår usemje mellom kommunane eller når kommunestyra legg inn føresetnadar som ikkje er i tråd med bompengesøknaden, har det hendt at fylkeskommunen har bedt om at kommunane handsamar bompengesøknaden på nytt. Det har også hendt at dei ulike uttalane frå kommunane ikkje har blitt vektlagt like mykje i den fylkespolitiske handsaminga.

Ved tidlegare høve er det ikkje oppnådd lokale semje om Nordhordlandspakken. Heller ikkje denne gangen er det fullt ut oppnådd lokal semje om opplegget i pakken. Fylkesrådmannen forstår at det er vanskeleg for dei 7 kommunestyra, med tilsaman 145 folkevalde, å semjast om alle elementa i ein bompengesøknad. Fylkesrådmannen ser det som viktig å få på plass eit finansieringsopplegg som kan sikre gjennomføring av nødvendige tiltak for betre framkomst, betre trafikksikring, sentertilgang, og styrking av kollektivtransporten i Nordhordland. Etter fylkesrådmannen sitt syn vil det vere nødvendig å få på plass større lokal tilslutnad til opplegget i pakken som grunnlag for den vidare handsaminga av bompengesøknaden i Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet fram mot stortingsvedtak. Fylkesrådmannen legg derfor opp til ei samla vurdering av dei kommunale vedtaka så langt, med særskilt vekt på vedtak i kommunane Lindås og Meland, slik at fylkestinget kan vedta merknader og endringar til opplegget i pakken som grunnlag for nye vedtak om tilslutnad i dei berørte kommunane.

Nordhordlandspakken vil i stor grad bli finansiert av gjennomgangstrafikken på E39, og av bilistar heimehøyrande i Meland kommune og i søre delen av Lindås kommune. Fylkesrådmannen finn det derfor ikkje urimeleg at uttalane frå Meland kommune og Lindås kommune blir vektlagt særskilt.

#### Omdisponering frå E39 Mundalsbergtunnelen

Fylkesrådmannen er samd med Lindås kommune i at 90 mill.kr. kan omdisponerast frå E39 Mundalsbergtunnelen til - bruk i Knarvik sentrum (70 mill.kr) - og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill.kr) på Fv57. Lindås kommune ber og om at det vert vurdert ei felles løysing for Fv 57 og E 39 med ny trasé for Mundalsbergtunnelen. Det er ikkje starta opp kommunedelplan for utbetring eller omlegging av E39 Mundalsbergtunnelen med tilhøyrande gang og sykkelløysing mellom Leknes og Knarvik. Fylkesrådmannen meiner det er ueitlig at så usikre prosjekt inngår i bompengesøknaden. Dette er eit prosjekt som eventuelt må vurderast på nytt i ein revisjon av Nordhordlandspakken når det er meir planavklart og det føreligg kostnadsestimat.

Fylkesrådmannen er gjort kjent med at Statens vegvesen er i ferd med å starta opp eit arbeid med ein kommunedelplan for ny trasé for E39 Mundalsbergtunnelen. Det kan bli aktuelt i framtida å bygga ein ny tunell i ein større eller mindre trase rundt dagens tunell. Eit alternativ er at E39 vert lagt om slik at Fv57 mellom Isdal og Knarvik vert ein del av ein ny E39 trasé frå Knarvik via Isdal og austover mot Hellesvågen/Hjelmås. Gang- og sykkelveg mellom Leiknes og Knarvik, vert då først aktuelt å vurdera når planane for framtidig E39 Mundalsbergtunell er meir avklara.

Meland kommune har ikkje uttalt seg negativt til dette ønsket frå Lindås kommune.

#### Ny bomstasjon i Isdalstø

Fylkesrådmannen står framleget frå Meland kommune om ein bomstasjon i Isdalstø, uavhengig av prosjektet Fv57 Knarvik-Isdalstø. Dette vil bli eit bompengesnitt som fangar opp trafikk både på Fv565 mellom Knarvik og Alvermarka og vidare til Radøy, og på Fv57 mellom Knarvik og Mongstad. ÅDT i dette bompengesnittet ligg på 11500.

I bompengesøknaden er det lagt opp til at bomstasjonen i Isdalstø først skal koma ved ein revisjon av bompengesøknaden, når tunnelprosjektet på Fv 57 Knarvik – Isdalstø er planavklart og det ligg føre ei finansieringsløysing for dette prosjektet. Det er fleire grunnar til at ein ny bomstasjon på Isdalstø bør inngå i bompengeopplegget for Nordhordlandspakken:

- Det er eit berande prinsipp i alle bompengeprosjekt at dei som har nytte av prosjektet skal betala bompengar og at dei som betalar bompengar skal ha nytte av prosjektet. Alle dei tilrådde bompengestasjonane i bompengesøknaden er vurdert i høve til nytteprinsippet. Etter at kommunestyret i Lindås omfordelte midlar frå E39 Mundalsbergtunnelen til tiltak i Knarvik sentrum og planmidlar til tunellen Fv57 Knarvik – Isdalstø, vil utviklingen av Knarvik sentrum i endå større grad vere til nytte for reisande frå heile kommunen og regionen elles. Det er derfor rimeleg at også bilstar frå Fv57 og frå Fv 565 (sør for bompengesnittet) på Radøy betalar bompengar i Nordhordlandspakken. Med ein bompengestasjon i Isdalstø allereie frå oppstarten av bompengeinnkrevinga i Nordhordlandspakken, vil bilistane på alle innfartsårene til Knarvik få lik bompengebelastning. Alle i Lindås kommune utanfor Knarvik må då betala bompengar for å koma til kommunenesenteret.
- Prosjektkostnadene i pakken er usikre, og vil nok erfaringsvis auke etter kvart som både planavklaring og prosjektering nærmar seg. Ein ny bomstasjon på Isdalstø vil bidra til eit meir robust økonomisk opplegg i pakken, og sikre gjennomføring av alle tiltaka i pakken.
- I samsvar med vegnormalane er prosjektet Fv57 Isdalstø-Knarvik planlagt realisert med to tunnelløp. Det er usikkert om det vil bli gjort fråvik frå vegnormalane til eitt tunnelløp for å redusere prosjektkostnadene. I tillegg vil dette i alle høve kunne bli eit så kostnadskrevande prosjekt, at innfasing av dette prosjektet i Nordhordlandspakken vil kunne få konsekvensar for takstnivå/bompengeperioden som må vurderast opp mot realisering av Nyborgtunnelen. Samla sett

er det derfor fleire usikre faktorar i opplegget i Nordhordlandspakken rundt innfasing av prosjektet Fv57 Knarvik-Isdalstø, og etablering av bomstasjon på Isdalstø først når prosjektet er klart for realisering. Fylkesrådmannen legg derfor til grunn at etablering av ny bomstasjon på Isdalstø ikkje bør vere avhengig av realisering av dette prosjektet i pakken.

#### Tovegsinnkreving

Kommunestyret i Meland har i sitt vedtak ein føresetnad om einvegsinnkreving, med det takstnivået som ligg i søknaden. Ved einvegsinnkreving må dei føreslegne takstane kanskje doblast for å finansiera prosjekta i pakken. Takstopplegget og finansieringsplanen i søknaden er basert på tovegsinnkreving. Fylkesrådmannen held fast på opplegget i bompengesøknaden med tovegs innkreving i bompengepakken.

#### Ufordelte midlar

Dei fleste kommunane har uttalt seg om dei ufordelte midlane på 100 mill.kr i pakken, der det er foreslått at desse midlane i hovudsak bør gå til prosjekt i Meland kommune. Fylkesrådmannen vil likevel peike på behovet for å ha ein buffer i slike bompengepakkar mot uforutsett kostnadsauke eller inntektssvikt. Fylkesrådmannen vil derfor i første omgang foreslå at denne posten vert nytta som buffer mot eventuelle kostnads- og inntektssavvik i pakken, og elles hovedsakleg til tiltak på vegnettet i Meland.

### **5.2 Fylkeskommunal delfinansiering**

I forslaget til prosjektopportefølje i Nordhordlandspakken er det lagt opp til samla investeringar på fylkesvegnettet på 846 mill.kr, der det er føresett at 230 mill.kr skal finansierast med fylkeskommunale midlar og resten med bompengar. Dei fylkeskommunale midlane er samansett av fylkeskommunen sin momsrefusjon på samla investeringar på fylkesvegnettet i pakken (141 mill.kr), og resten som ordinær løvning. Dette medfører ein fylkeskommunal delfinansiering på om lag 27% av dei samla investeringane på fylkesvegnettet. Dette tilsvarer nivået på fylkeskommunal delfinansiering i Askøy-pakken, der det er lagt opp til fylkeskommunal delfinansiering på 420 mill.kr av ei samla pakke med tiltak på fylkesvegnettet på 1540 mill.kr.

Fylkesrådmannen vil tilrå at ramma på 230 mill.kr vert lagt til grunn for bompengesøknaden og at desse midlane vert lagt inn i handlingsprogrammet til Regional transportplan etter 2018. Det må understrekast at dette er ei økonomisk planramme som må løvvast i dei årlege budsjetta. Fylkesrådmannen vil og understreke at dei fylkeskommunale midlane i pakken i første rekke må gå til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.

### **5.3 Prosjektomtale og prosjektstyring**

I Nordhordlandspakken er det lagt inn ulike prosjekt som skal sikre ulike omsyn;

- Utvikling av Knarvik sentrum
- Betre framkomst på deler av fylkesvegnettet i området
- Gjennomgåande G/S-vegsystem
- Trafikksikringstiltak
- Tilrettelegging for auka kollektivtransport til/frå Bergen

Fylkesrådmannen stiller seg bak dei prioriterte prosjekta i Nordhordlandspakken, som vil ivareta ulike omsyn og behov for utvikling av eit effektivt, trafikksikkert og miljøvenleg transportsystem i Nordhordland.

Dette er ei rekke prosjekt i ulike kommunar som vil stille store krav til prosjektstyring og prosjektgjennomføring. Prosjektgjennomføringa må styrast med grunnlag i prosjektprioriteringa, planavklaring, kostnadsendringar og eventuelle endringar i dei økonomiske rammene for pakken.

Fylkesrådmannen ser det ikkje som nødvendig å fordele bompengar og fylkeskommunale midlar på prosjekt slik det er gjort i prosjekttabellen i pakken. Løyving av fylkeskommunale midlar i pakken vil fylkesrådmannen foreslå i samband med dei årlege fylkesbudsjetta. Fylkesrådmannen legg til grunn at det vert etablert eit kontaktutval som legg til rette for ei slik styring av gjennomføring av prosjekta i pakken, slik det er gjort i andre tilsvarende bompengepakkar i fylket. Fylkesrådmannen foreslår at dette kontaktutvalet vert samansett av representantar frå Regionrådet Nordhordland, Hordaland fylkeskommune og Statens

vegvesen. Den endelege fastsettinga av årlege løyvingar til prosjektgjennomføring på fylkesvegnettet i pakken vert gjort i samband med fylkestinget si budsjettahandsaming.

#### **5.4 Fylkeskommunal garanti**

For å få best mogleg rentevilkår er det vanleg at fylkeskommunen stiller garanti for låna som bompenge-selskapa tek opp. Regjeringa held no på med ei bompengereform, der ein legg opp til å omorganisera bompengesektoren frå mange selskap til eit fåtal selskap og å etablera ei rentekompensasjonsordning. I samband med dette arbeidet vil også statsgaranti bli vurdert, står det i Prop. 1 S (2014- 2015). Fylkesrådmannen vil avverta utfallet av dette arbeidet og den vidare handsaminga av Nordhordlandspakken, før han eventuelt legg fram sak om fylkeskommunal garanti.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014**

**Pål Kårbø** gjekk frå som ugild fordi han er styreleiar i Nordhordlandspakken AS. **Kristian Helland** gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i same selskap. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e. Kårbø og Helland gjekk frå under røystinga om dei var ugilde.

**Beate Husa** møtte for Pål Kårbø i saka. **Harald Rydland** møtte for Kristian Helland.

**Tom Sverre Tomren** stilte spørsmål om han var ugild fordi han er varamedlem i styret for Nordhordlandspakken AS. Han har ikkje møtt som vara, og har heller ikkje delteke i behandlinga av saka i selskapet. Fylkestinget vedtok samråystes at Tom Sverre Tomren ikkje var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Tomren gjekk frå under røystinga om han var ugild.

**Mona Hellesnes** sette på vegner av V og H fram slikt forslag:

A. "Tillegg punkt 4D:

Fylkestinget legg til grunn et takstnivå i området 12-14 kr.

B. 4C – tillegg

(Fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø.)"

**Tom Sverre Tomren** sette fram slikt forslag:

"Fylkestinget påpeker at Norhordlandspakken i sin nåværende form vil medføre økt biltrafikk og er dermed i strid med klimaplanen. Fylkestinget vil derfor si nei til Norhordlandspakken i sin nåværende form og tilrår Norhordlandsommunene å utvikle en pakke med større vekt på kollektiv, sykkel og gangveier."

**Tom Skauge** sette fram slikt forslag:

"Fylkestinget anbefaler planen med følgende merknader:

Tillegg:

Fylkestinget legger til grunn for finansieringen:

- A. Finansiering legger til grunn nulvekst i trafikken.
- B. Kollektivtiltakene prioriteres øverst, dernest gang/sykkelvei og til slutt øvrige tiltak.
- C. Det etableres kollektivfelt på alle 4-feltsveier for å sikre full fremkommelighet for kollektivtransporten."

### **Røysting**

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og fall.

Skauge sitt forslag fekk 2 røyster (SV) og fall.

Innstillinga vart vedteken mot 8 røyster (Frp).

Hellesnes sitt forslag A vart vedteke mot 8 røyster (Frp).

Hellesnes sitt forslag B vart vedteke mot 8 røyster (Frp).

### **Vedtak**

1. Fylkestinget ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestrart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.
2. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan

innlemmast i Nordhordlandspakken. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til ei god og framtidsretta løysing for Nybortunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørge for naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken;
  - vurdere om det er mogleg å bygge og ta i bruk eit av tunnelløpa, før det andre vert bygt.
  - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
4. Med etterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrår fylkestinget søknad om delvis bompengefinsansiering av Nordhordlandspakken datert 03.03.2014, samt med dei justeringane som går fram av høyringsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest, av 30.04.2014, med følgjande merknader og endringar:
  - a) Fylkestinget er samd med Lindås kommune i at 90 mill. kr i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsbergtunnelen, til bruk i Knarvik sentrum (70 mill. kr) og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill. kr) på Fv57.
  - b) Fylkestinget går inn for at det vert etablert ein ny bomstasjon i Isdalstø. Dette vil i større grad ivareta nytte- og likskapsprinsipp i det samla bompengeopplegget og bidra til nødvendig styrking av finansieringsopplegget i pakken.
  - c) Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. kr i pakken hovudsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune (fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø), i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken.
  - d) Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs innkrevjing i bompengesnitta. Fylkestinget legg til grunn et takstnivå i området 12-14 kr.
5. Fylkestinget vedtek ei fylkeskommunal økonomisk ramme for Nordhordlandspakken på 230 mill. kr, og vil i dei årlege budsjetta kome attende til konkrete løyingar på aktuelle prosjekt. Dei fylkeskommunale løyingane må i første rekke nyttast til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.
6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.

#### **Fylkestingets vedtak pkt. 4 bokstav b) Etablering av ein ny bomstasjon i Isdalstø**

Vedlagt følgjer ein oversikt over kor det vil vere naturleg at bomstasjonen blir plassert i tråd med fylkestingets vedtak. Stasjonen er plassert på flata på fv 57 før rundkøyringa med avkjørslar til fv 565 og fv 57.

For å unngå at fv 565 Isdalstøbakken blir tatt i bruk som veg for å unngå bompengar, sjølv om vegen i dag er skilta forbudt mot motorvogn, bør vegen stengast for gjennomkjøring. Vegen er i dag stengt for innkjøring i krysset fv 57 og fv 565 i Isdalstø.

Kart lagt ved.

